

Merknader for gjennomført: Planleggingsdel

Den skriftlige planen var i liten grad utført i forkant av arbeidet, og prøven strekte seg noko over den oppsette tidsramma.

Måloppnåing:	Svært god	Tilfredsstillande til låg	X	Svært låg	
--------------	-----------	---------------------------	---	-----------	--

Beskriving av læreplanen sitt hovedmål for: Feilsøking og diagnose

Hovudområdet omfattar systemforståing, feilsøking og diagnostisering på kjøretøyet sine mekaniske, elektriske og elektroniske system. Vidare omfattar det bruk av verktøy og instrumenter. Innhenting og tolking av opplysningar om kjøretøyet sine system inngår også.

Kommentarar for gjennomført: Feilsøking og diagnose

Lekkasjetest av kjølesystem var gjennomført på ein god måte.

Oljetrykk var ikkje målt, verkstaden hadde ikkje utstyr som passa til bilen. Han forklarte framgangsmåte og kva motorfeil som kunne påverke oljetrykket på ein god måte. Forklaring av oppbygging og verkemåte til innsprøytingsanlegg var noko mangelfull. Kandidaten kunne ikkje forklare verkemåten til luftmassemålar og var usikker og nølende i si forklaring av aktorar og sensorar i motorstyringssystemet.

Kandidaten valde å feilsøke veivakselsensor og lambdasonde med tilstøytande elektriske kretsar. Han målte ohm i veivakselsensor og varmeelement i lambdasonde. Han brukte ikkje el.

kopingsskjema eller gjorde forsøk på å feilsøke i tilstøytande el. krets. Han forklarte at han kunne måle ohm i leidningane, men gjorde ingen forsøk på det, og la til at verkstaden ikkje hadde skop, så han kunne ikkje gjere fleire kontrollar.

Måling av spenningsfall i ladekretsen blei gjennomført. Kandidaten meinte at alle forbrukarar måtte være avslått for å måle korrekt spenningsfall. Han målte ladespenning over batteripolane OK, men målte ladespenning for dynamo frå B+ på dynamo til minuspol på batteripol. Han endra på dette etter at sensor langt på veg forklarte at her var der fleire feil i utføring og framgangsmåte.

Delmåling av spenningsfall i kretsen utførte han OK.

Måloppnåing:	Svært god	Tilfredsstillande til låg	X	Låg	
--------------	-----------	---------------------------	---	-----	--

Beskriving av læreplanen sitt hovedmål for: Service og vedlikehald

Hovudområdet omfattar service og vedlikehald og gjeldande forskrifter for kjøretøy. Val og bruk av verktøy, utstyr og instrument inngår i hovudområdet. Vidare omfattar det bruk av dokumentasjon i samband med planlegging, gjennomføring og kvalitetssikring av arbeid.

Kommentarar for gjennomført: Service og vedlikehald

Service var gjennomført utan at serviceskjema blei kryssa av for utført arbeid før heile servicen var gjennomført.

Etter at serviceskjema var utfylt, var det fleire opne kontrollpunkt. Ventilar ikkje justert/kontrollert, reservehjul ikkje kontrollert og kandidaten hadde ikkje sett på datomerking av dekka. Han utførte disse kontrollane då han blei gjort merksam på det, og fekk dobbelt arbeid med å demontere luftfilter og coilar då ventilar skulle kontrollerast. Kandidaten si forklaring til oppbygging og verkemåte til klimaanlegg var noko enkel. Han brukte læreboka i forklaringa si og las rett frå læreboka om sikkerheitsrutinar ved arbeid med AC-anlegg. Bilen sitt bremsesystem kunne han ikkje på ein fagleg måte forklare, verkemåte til ABS-system og hovudsylinder. Andre kontrollar av bilen sitt bremsesystem var OK utført. Hjulstilling var gjennomført, men ingen avlesingar av kombinertvinkel og spreiling i sving. Han viste korleis kombinertvinkelen kunne reknast ut, men utførte ikkje dette. Spissing bak og cambervinkel på høgre side framme og bak var utanfor toleranse. Han fekk ikkje justert camber framme, medan hjulvinklar bak ikkje ga rom for justering. Hjulstillingsapparat ga melding om fare for dekkslitasje og sikkerheitsrisiko utan at kandidaten hadde merknader til dette.

Måloppnåing:	Svært god	Tilfredsstillande god		Låg	X
--------------	-----------	-----------------------	--	-----	---

Beskriving av læreplanen sitt hovedmål for: Reparasjon

Hovudområdet omfattar reparasjon og utskifting av delar på køyretøyet sine mekaniske, hydrauliske, elektriske og elektroniske system. Vidare omfattar det reparasjon etter gjeldande lover og forskrifter.

Kommentarar for: Reparasjon

Kandidaten meinte at årsaka til vanskeleg girskifte frå 3. til 2. gir kunne vere feil i giroverføring og sliten synkronring, men var noko usikker på korleis synkronringen sperra og bremsa opp girdrevet.

Måloppnåing:	Svært god	Tilfredsstillande	X	Svært låg	
---------------------	-----------	-------------------	----------	-----------	--

Beskriving av læreplanen sitt hovedmål for: Kommunikasjon og kvalitet

Hovudområdet omfattar kommunikasjon med kundar, kollegaer og samarbeidspartnarar. Vidare inkluderer hovudområdet digitale kommunikasjonsverktøy, helse, miljø og sikkerhet og kvalitetssystem. Kostnadsforståing inngår i hovudområdet.

Kommentarar for: Kommunikasjon og kvalitet

Kandidaten verka usikker og brukte lang tid i forklaringane sine av oppgåver i prøven. De andre oppgåvene i denne modulen var ok gjennomført.

Måloppnåing:	Svært god	Tilfredsstillande	X	Låg	
---------------------	-----------	-------------------	----------	-----	--

Kommentarar for: Vurdering av eige arbeid

Kandidaten har på nokre punkt levert ei skriftleg vurdering av eigne ferdigheiter som ikkje helt samsvarar med sensor si oppfatning. Se for elles i kommentarane over.

Kommentarar til samla vurdering

Kandidaten har noko manglande systemforståing for motorstyrings og ABS-system og har problem med å kunne forklare og vise verkemåtar til nokre elektriske og mekaniske komponentar. Han har problem med å gjennomføre diagnosar og feilsøking.

Under hjulstilling og servicearbeidet viste han manglande vurdering og kvalitetssikring av utført arbeid.

Prøpearbeidet blir sett til IKKJE BESTÅTT

Samla vurdering av fagprøven

Bestått svært godt Svært god kompetanse i faget	-----	Bestått Tilfredsstillande god kompetanse i faget	-----	Ikkje bestått	X
-----------------------------------------------------------	-------	------------------------------------------------------------	-------	----------------------	----------